



HJELMELAND KOMMUNE

Hjelmeland kommune

Att:

Dykkar ref..

Vår ref.

18/482-1/18/5126

Arkivkode:

K2 - N64

Dato:

16.04.2018

DIGITAL INFRASTRUKTUR TIL ALLE

Me står framføre den fjerde revolusjon. Framtida er digital vert det sagt.

Dette er me einige i . Digitale løysingar er framtida, ikkje minst i desentraliserte område.

Det er samstundes ei stor utfordring, Norge er i ferd med å få A- og B- område. Dei områda som har digital infrastruktur og dei som ikkje har.

Geografi og ofte topografi er ei utfordring i mange distriktskommunar. I tillegg er det mange plassar ei utfordring at aktørar som arbeider med digital infrastruktur ikkje vil samarbeida. El. nett selskap vil ikkje samarbeida med tele-selskap. I mange deler av landet har ein framleis ikkje fått til nokon avtale om å nytta kvarandre sin infrastruktur. Særleg gjeld dette el. eller tele stolper. Me meiner at dette er ei stor hindring for å få til fiber- utbygging. Kostnadene vert svært høge i høve til det som hadde vore naudsynt.

Statens vegvesen sine anlegg må kunne nyttast! Det må bli lov til å legge fiber- kablar i bruer og tunellar.

Den siste utfordringa er altfor høge kostnadar for å bygga infrastruktur. Nettselskapa vil ikkje ta eit ansvar utan at det er nok profitt i prosjekta. Noko som fører til at mange distriktskommunar må stå for utbygging sjølve. Nok ei tilleggsoppgåve for mange kommunar. Nokon har økonomi til å gjere dette, andre ikkje. Når så store teleaktørar ikkje vil reparere eksisterande kopar- liner fordi det vert dårleg inntening sit kommunen og forbrukarane att som taparar. Tilbodet vert faktisk dårlegare enn det har vore fram til no.

Totalt sett er dette utfordringar som må løysast for å dra heile landet med i den digitale revolusjonen. For mange distriktskommunar er dette ikkje mogleg å løysa utan hjelp frå sentrale myndigheiter.

Me vil vera digital, me trur på ei digital framtid, me treng hjelp for å løysa utfordringane med digital infrastruktur. Fiber til alle!

Fiber og infrastruktur til nett er eit basisbehov på linje med alle andre behov som t d elektrisitet og vatn.

Me viser til Kommunalpolitisk Toppmøte i Oslo som KS arrangerte 20 mars i år. Dette møtet viste tydeleg at her er mykje som må på plass framleis. Her må Staten ta ansvar i langt større grad enn i dag!

Kommunane v/ordførarane krev i dette oppropet at Staten gjer tiltak som monnar for å gjera desse basisbehova tilgjengelege for alle familiar og verksemder der dei bur og arbeider!

Me ber om tilbakemelding innan 30. april.

Med helsing
Ordføraren

Bjørn Laugaland
ordfører

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur